



Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	03.06.2026	042/26

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	26/805 – 3
Lisa Karine Haugland	Journalpostnr.	25/25749

Samordning av lokale forskrifter for bandtvang i Ullensvang kommune

Vedlegg
Forslag til ny forskrift om hundehald i Ullensvang kommune
Samledokument – Kartfesting av område for heilårs badtvang.pdf

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

LOV-2003-07-04-74 – Lov om forsvarleg hundehald (hundelova)

FOR-2005-09-19-1243 – Forskrift om hundehald i Ullensvang herad, Hordaland

FOR-2006-06-14-1349 – Forskrift om hundehold, Odda kommune, Hordaland

LOV-1967-02-10 – Lov om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningslova)

Tilråding frå rådmannen:

Forslag til forskrift om hundehald i Ullensvang kommune, Vestland vert sendt på høyring i ein periode på 8 veker.

Utval for samfunn, plan og næring 03.06.2026

Framlegg – Utvida bandtvang, sett fram av Andre Botnen, Arbeidarpartiet

At det i tillegg til den ordinære bandtvangen frå 1. april – 20. august, blir utvida bandtvang i tida frå 21. august – 31. oktober av omsyn til beitande bufe. Utvida bandtvang gjeld i dei område av kommunen kor bufe har rett til å beite og faktisk beitar.

Inhabilitet:

Lisa Karine Haugland (R) var automatisk inhabil som sakshandsamer i saka.

Lisa Karine Haugland vart samrøystes røysta inhabil.

Varamedlem Sindre Taxt Måge (R) møtte.

Gruppemøte:

Andre Botnen (AP) bad om gruppemøte.

Røysting:

Felles endringsframlegg frå AP, H, SP, VIP vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå rådmannen med felles endringsframlegg frå AP, H, SP, VIP vart samrøystes vedteke.

USPN – 042/26 Vedtak

Forslag til forskrift om hundehald i Ullensvang kommune, Vestland vert sendt på høyring i ein periode på 8 veker, med følgande tillegg:

At det i tillegg til den ordinære bandtvangen frå 1. april – 20. august, blir utvida bandtvang i tida frå 21. august – 31. oktober av omsyn til beitande bufe. Utvida bandtvang gjeld i dei område av kommunen kor bufe har rett til å beite og faktisk beitar.

Saksopplysningar:

Bandtvang for hundar er heimla i [Lov om ansvarleg hundehald \(hundelova\)](#). Frå 1. april – 20. august er det ordinær bandtvang i heile landet. I tillegg til reglane i hundelova kan kommunane fastsetja eigne forskrifter på område som loven gjev anledning til, m.a. kan kommunar fastsetja utvida bandtvang. Forskrifter om hundehald må ha heimel i hundelova, følgjande heimlar kan nyttast: §§ 6, 9 e, 11 og 12.

Per i dag gjeld det to forskrifter om hundehald innanfor Ullensvang kommune. Desse gjeld for tidlegare grense i Ullensvang herad og Odda kommune og har ulike tidsavgrensingar for utvida bandtvang. Tidlegare Jondal kommune har ikkje eigne forskrifter. Det er ønskjeleg å samordne dei lokale forskriftene om bandtvang til ei ny forskrift som gjeld for Ullensvang kommune.

[Gjeldane forskrift om hundehald i Ullensvang Herad](#) – FOR-2005-09-19-1243 Forskrift om hundehald i Ullensvang herad, Hordaland

[Gjeldane forskrift om hundehald i Odda kommune](#) – FOR-2006-06-14-1349 Forskrift om hundehold, Odda kommune, Hordaland

Hovudtrekka i forslag til ny forskrift:

- At det i tillegg til den ordinære bandtvangen frå 1. april – 20. august, blir utvida bandtvang i tida frå 21. august – 10. september av omsyn til beitande bufe. Utvida bandtvang gjeld i dei område av kommunen kor bufe har rett til å beite og faktisk beitar.
- At det skal vere heilårs bandtvang på offentleg område og i sentrumsområde.

- Andre bestemte område som er underlagt heilårs bandtvang er: Buardalen frå Jordal til Buer, Hytteområdet Åsen og Mågelitopp, merka turløype Trolltunga frå Skjeggedal, merka turløype Dronningstien i Hardanger og merka turløype Husedalen i Kinsarvik.

I forvaltningslova kap. 7 om forskrifter står det mellom anna at forvaltningsorganet skal sjå til at saken skal vere så godt opplyst som mogleg før det fattast vedtak og at dei som saka gjeld skal ha høve til å fremja sine synspunkt. Nye forskrifter skal derfor på høyring for uttale til aktuelle høyringsinstansar og interesserte. Kommunane kan normalt setja fristen til to månadar.

Vurdering:

Om hundelova:

Hundelova har som føremål å fremja eit aktsamt hundehald som ivaretek omsyn til sikkerheit, tryggleik, alminneleg ro og orden. Den nye hundelova tredde i kraft 01.01.2023, og stiller tydelegare krav til forsvarleg hundehald. Lova vektlegg at hundar har eigenverdi uavhengig av deira nytte for menneske, og skal fremja god dyrevelferd, respekt for – og kunnskap om hundar. Hundelova stiller generelle krav til hundeeigar om aktsemd og kompetanse for å førebygga at uheldige situasjonar eller skadar oppstår, jf. §§ 3 og 3a. I tillegg gjev hundelova § 4 alminnelege reglar om sikring av hund og vilkår for å la hund vere laus.

Frå 1. april – 20. august er det ordinær bandtvang i heile landet. Dette inneber at hundar skal bli heldt i band eller forsvarleg inngjerda eller innestengt, slik at dei ikkje kan jage eller skade husdyr, tamrein eller viltlevande dyr og deira reir, bu eller hi. Utvida bandtvang kan fastsetjast av kommunen i medhald av hundelova § 6.

Lokale forskrifter skal utfylle føresegn som er gjeve i hundelova og må sjåast i samanheng med denne. Bandtvang skal likevel ikkje nyttast i større grad enn nødvendig og slik at omsynet til dei som ynskjer å ferdast med laus hund også ivaretakast i tilstrekkeleg grad. Under perioden utan bandtvang, og i område som ikkje er underlagt heilårs bandtvang, skal hundeeigar opptre omsynsfullt og berre la hunden springa fritt under tilsyn og med kontroll for å hindre og førebyggja skade eller ulemper for menneske, husdyr, vilt eller eigedom, jf. hundelova § 4. Unntatt frå bandtvang er dei tilhøva som er skildra i hundelova § 9 om unntak frå sikringsreglane.

Om forslag til ny forskrift om hundehald i Ullensvang kommune, Vestland:

§ 1 i ny forskrift syner til føremålet med forskrifta: *“Føremålet med forskrifta er å fremja eit godt og forsvarleg hundehald som tek omsyn til sikkerheit, tryggleik, alminneleg ro og orden, verna om viltet og medverka til at hundar ikkje jagar bufe på beite.”* Føremålet er i tråd med hundelova.

§ 2 syner til verkeområde for forskrifta som er Ullensvang kommune. Forskrifter skal utfylle føresegn som er gjeve i hundelova og må sjåast i samanheng med denne. Då gjeldande forskrifter om hundehald ikkje gjeld for heile kommunen, vil ei samordning av forskriftene

bidra til eit klarare regelverk for hundeeigarar og ålmeta, og vil gjera informasjonsarbeid enklare for kommunen, grunneigarar og beitelag.

§ 3 klargjer definisjonar. Definisjonen "*Bandtvang*" er i tråd med hundelova § 4. "*Offentleg område*" er definert som kyrkjegard, barnehage, skule og anlegg for leik, idrett og sport, jf. hundelova § 6 andre ledd bokstav b. Vidare er "*Sentrumsområde*" definert som område i og i tilknytning til tett busetnad og handelsområde, jf. hundelova § 6 andre ledd bokstav a. Sentrumsområde er definert i kart og gjeld for Jondal, Herand, Utne, Nå, Odda, Skare, Røldal, Tyssedal, Lofthus og Kinsarvik. Avgrensinga av sentrumsområde er gjort med utgangspunkt i sentrumsføremål i den nye kommuneplanen sin arealdel (KPA), kor område med tett busetnad i tilknytning til sentrumsføremål er tatt med.

I **§ 4** om sikring av hund ved bandtvang står det at det i tillegg til ordinær bandtvang er utvida bandtvang i tida frå 21. august – 10. september. Dette er heimla i hundelova § 6 andre ledd bokstav e. I vurderinga av tidsrom er omsynet til beitande bufe og tida når bufe normalt går ute vektlagt, og er meint å fange opp den ordinære beitesesongen. Regelen skal ikkje nyttast til bandtvang i perioder der dyr unntaksvis går ute på beite eller i større grad enn nødvendig. I lokal forskrift for Ullensvang herad gjeld utvida bandtvang til og med 10. september, medan det i Odda kommune gjeld til og med 31. oktober. Rådmannen vurderer at behovet for utvida bandtvang kan vere større i nokre delar av kommunen enn andre, men at ein bør ha lik periode for utvida bandtvang i heile kommunen og tilrår derfor å vidareføre reglane som gjeld for Ullensvang herad. Ny forskrift har i tillegg ordlyden "*utvida bandtvang gjeld i dei område av kommunen kor bufe har rett til å beite og faktisk beitar*". Dette er i samsvar med lovteksten i hundelova § 6 tredje ledd og er eit vilkår for å utvide tida for bandtvang. Generelle krav i hundelova om aktsemd, kompetanse og vilkår for å la hund vere laus vil vere gjeldane utanom tida med utvida bandtvang.

Vidare i **§ 4** er det føreslått heilårs bandtvang på offentlig område og i sentrumsområde. Hundelova § 6 andre ledd bokstav a, opnar for at ein kan ha bandtvang i og i tilknytning til bustadområde og handleområde. Vidare opnar andre ledd bokstav b for at kommunen kan innføre bandtvang i parker, på gravplasser, på og ved skuler, barnehagar og anlegg for leik, idrett, sfavnport og rekreasjon. Rådmannen har vurdert at det er hensiktsmessig å slå saman område i og i tilknytning til tett busetnad og handelsområde til *sentrumsområde*. Dette er typiske tettstadar i kommunen med butikksenter, handel, offentlig eller private tenestetilbod og tett busetnad. Avgrensinga er satt av omsyn til tryggleik og folk som ferdast, samtidig som ein unngår unødig bruk av badtvang og ivaretek omsynet til dei som ønskjer å ferdast med laus hund. Vidare er det vurdert som hensiktsmessig å ha reglar om heilårs bandtvang på kyrkjegard, barnehage, skule og anlegg for leik, idrett og sport. Parker og rekreasjonsområder er ikkje tatt med i forslag til ny forskrift då slike aktuelle område i stor grad vil vere dekt innanfor avgrensinga *sentrumsområde*.

I gjeldande forskrift for Ullensvang herad og Odda kommune er det reglar som seier at hundar ikkje skal ha tilgjenge til barnehageområde og skuleområde. Dette er heimla i hundelova § 6 siste ledd. Slike reglar gir ikkje adgang til å ta med hunden i band, og bør difor vere særleg begrunna og gjelde eit konkret barnehage- eller skuleområde der det erfaringsmessig er eit problem med lause hunder eller ekskrement. Rådmannen er ikkje kjend med særskilde problemstillingar knytt til lause hundar i slike område, og det er

vurdert at denne regelen ikkje blir vidareført i ny forskrift. Når det gjeld særlege problem med ekskrement er dette ivaretatt gjennom ny forskrift § 6, kor hundehaldar pliktar å fjerna ekskrement etter hund på offentleg område og i sentrumsområde.

I tillegg heilårs bandtvang på offentleg område og sentrumsområde, har rådmannen forslag om følgjande område og merka turløyper som er underlagt heilårs bandtvang:

- Buadalen frå Jordal til Buer
- Hytteområdet Åsen og Mågelitopp
- Merka turløype Trolltunga frå Skjeggedal
- Merka turløype Dronningstien i Hardanger
- Merka turløype Husedalen i Kinsarvik

Heimelsgrunnlaget for avgrensing av bestemte turområde som er underlagt heilårs bandtvang, er gitt i hundelova § 6 andre ledd bokstav c og d. Kravet i lova seier at slike reglar berre kan fastsetjast for bestemte område og skal ikkje nyttast i større grad enn nødvendig. Difor er det lagt vekt på å begrense omfanget av heilårs bandtvang til dei områda med mest ferdsel og geografisk spreining, slik at omsynet til dei som ønskjer å ferdast med laus hund blir ivaretatt, jf. hundelova § 6 tredje ledd. I lokal forskrift for Odda kommune er det vurdert at fleire område kor det per i dag er fastsatt heilårs bandtvang kan takast ut eller gjerast mindre, medan det i lokal forskrift for Ullensvang herad ikkje er definert område eller turløyper med heilårs bandtvang. Med stor auke i turisme knytt til fleire merka turstiar i kommunen, ser rådmannen behov for at det på Dronningstien frå Kinsarvik til Lofthus og i Husedalen i Kinsarvik blir innført heilårs bandtvang av omsyn til tryggleik for folk som ferdes og for å unngå konfliktfylte situasjonar. Grenser for område som er underlagt heilårs bandtvang går fram av kart i forskrifta.

Unntatt frå utvida- og heilårs bandtvang er dei tilhøva som er skildra i hundelova § 9 om unntak frå sikringsreglane. Dette gjeld m.a. dressert buhund, hund som nyttast i aktiv teneste (t.d. politi- redning- eller militærteneste), ettersøkshund, førarhundar m.m.

Nasjonalparkene Hardangervidda og Folgefonna har eigne forskrifter med høve til å fastsetja reglar for hundehald for å ivareta hjortevilt m.m. Rådmannen vurderer at ny forskrift for hundehald i Ullensvang kommune ikkje skal overlappa med gjeldande forskrifter for nasjonalparkene. For Hardangervidda nasjonalpark gjeld reglar fastsett i forskrift om Hardangervidda nasjonalpark, kor det m.a. står i kap. 4 punkt 4.2.3: *"Hundar må ikkje sleppast laus i området. Unnateke er bruk av hund til jakt i lovleg jakttid, gjetarhundar for gjeting og sanking av beitedyr og godkjende hundar i samband med oppdrag i politi- og fjellsikringsteneste."* I forskrift om Folgefonna nasjonalpark er det ikkje fastsatt reglar for bandtvang. Utvida bandtvang i tida frå 21. august – 10. september vil likevel gjelde for heile Ullensvang kommune.

I § 5 er reglar i lokal forskrift frå Ullensvang herad og Odda kommune vidareført om at kommunen ved særleg vanskelege snøtilhøve, og når det ligg føre sterk fagleg tilråding, kan gjera vedtak om ekstraordinær bandtvang for heile eller delar av kommunen for å verna hjorteviltet. T.d. kan det i periodar med mykje snø vere vanskeleg for hjorteviltet å finna mat og vatn, og det krev mykje energi for dyra å bevege seg. Slike tilhøve kan føre til at hjorteviltet trekker nær vegar, stiar, skiløyper og busetnad, og ekstraordinær bandtvang kan

vere med på å beskytte viltet mot unødig forstyrning i ein kritisk periode. Heimelsgrunnlaget for denne regelen er gitt i hundelova § 6 andre ledd bokstav f. Jf. hundelova § 6 tredje ledd skal bandtvang gitt etter denne regelen opphøyre så snart forholda tilseier det, og bør i størst mogleg grad avgrensast geografisk der det er mogleg. Siden dette vil vere vedtak som gjevast under ekstraordinære forhold vil dei kunne klagast på til statsforvaltaren.

I § 6 står det at hundehaldar pliktar å fjerna ekskrement etter hund på offentlege område og i sentrumsområde, og at det ved bruk av hundepose skal denne deponerast på eigna stad og ikkje i naturen. Denne regelen er satt for å motverka forsøpling og for å bøta på problem med ekskrement på offentlege område og i sentrumsområde. Regelen er heimla i hundelova § 11.

§ 7 om ikraftsetjing seier at forskrifta trer i kraft ved kunngjering og at gjeldande forskrifter for Odda kommune og Ullensvang herad samtidig blir oppheva.

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Ingen

b. Investeringskostnader

Ingen

c. Finansiering

Ingen

Samandrag konklusjon:

Forslag til forskrift om hundehald i Ullensvang kommune, Vestland har som mål å fremja eit godt og forsvarleg hundehald som tek omsyn til sikkerheit, tryggleik, alminneleg ro og orden, verna om viltet og medverka til at hundar ikkje jagar bufe på beite. Den lokale forskrifta skal utfylle føresegn om hundehald som er gjeve i hundelova, og må sjåast i samanheng med denne. Ei samordning av gjeldande forskrifter vil bidra til eit klarare regelverk for hundeeigarar og ålmenta, og vil gjera informasjonsarbeid enklare.

Rådmannen sin tilråding er at forslag til forskrift om hundehald i Ullensvang kommune, Vestland vert sendt på høyring i ein periode på 8 veker.

Særutskrift sendast til:

Aktuelle høyringsinstansar: grunneigarlag, beitelag, landbruksorganisasjonar, hundeorganisasjonar, jegerforeningar, friluftorganisasjonar, nasjonalparkstyrer, politi og kyrkjeråd